

Europol: ikkje semje om forretningsorden granskingsgruppa for Europol på konstituerande møtet i Brussel

10. oktober 2017

- *Det vart ikkje semje om forretningsorden for den nye parlamentariske granskingsgruppa for Europol på det konstituerande møtet i Brussel denne veka.*
- *Alle punkt på forretningsordenen vil i prinsippet blir drøfta på nytt fram til det neste møtet i gruppa i Bulgaria våren 2018.*
- *Spørsmålet om kva status Danmark skal ha var eit av dei uløyste spørsmåla. Spesielt Europaparlamentet argumenterte mot at Danmark skal delta på linje med dei andre EU-landa i gruppa fordi landet ikkje er med i Europol.*
- *Observatørstatus for Noreg og andre land var ikkje omstridt.*

Europaparlamentets borgarretts-, justis- og innanrikskomite (LIBE) og det estiske EU-formannskapet arrangerte denne veka det konstituerande møtet i den nye granskingsgruppa for Europol (Joint Parliamentary Scrutiny Group of Europol - JPSG). Over 70 nasjonale parlamentarikarar og medlemmer av Europaparlamentet deltok på møtet. Danmark deltok på møtet som observatør. Hovudpunktet var drøfting av forretningsordenen, men det var også innleiingar frå m.a. leiarane i Europols styringsgruppe (management board), det europeiske datatilsynet og for den ståande komiteen for operasjonell samordning knytt til internasjonal sikkerheit i Europol. Det var få som bad om ordet for å kommentere desse innlegga, men debatten om forretningsordenen engasjerte mange.

Mange var i debatten opptatt av spørsmål som sekretariat, språk og vedtak ved konsensus. Leiaren i LIBE og i leiaren i den estiske justiskomiteen forsøkte å få tilslutning til å lukke debatten om forretningsordenen på desse og nokre andre punkt i dag og berre overlate til det neste møte å drøfte tre uteståande punkt. Sjølv om eit fleirtal av landa tilsynelatande var samde om dette, var det fleire land, inkludert Tyskland og Kypros, som meinte det var behov for ytterlegare presisering også på desse punkta. Samla sett blir det nå i prinsippet ein ny runde om alle punkt i forretningsordenen fram til det neste møtet i denne gruppa. Dette møtet vil finne stad i Bulgaria våren 2018.

Dei tre punkta det var minst semje om var rolla til Danmark, etablering av undergrupper og retten til stille munnlege og skriftlege spørsmål til Europol (og få svar). Sett med norske øye er spørsmålet om kva rolle Danmark skal ha i den nye gruppa den mest interessante. Danmark er som følgje av sine unnatak på justisområdet ikkje med i Europol, men har ei inngått ei spesiell samarbeidsavtale. Danmark gjentok på møtet at som EU-medlem bør landet vere fullt medlem av JPSG. Dette vil både vere i samsvar med ordlyden i EUs traktatar og praksis på andre parlamentariske konferansar (t.d. på det økonomiske området). Landet er medlem i Schengen-samarbeidet og anna samarbeid som medfører at både resten av EU og Danmark har gjensidig interesse av at landet fullt integrert. Det vart påpeikt at utan full deltaking i JPSG vil heller ikkje danske parlamentarikarar kunne drive effektiv kontroll med si eiga regjeringa. Europaparlamentets rettsavdeling har skrivi eit uformelt notat som konkluderer med at spørsmålet om deltaking ikkje kan avgjerast med bakgrunn i traktaten om EUs verkemåte eller Europol-forordninga. Dette vart også trekt fram av Danmark i debatten.

Belgia og Finland var dei landa som klarast støtta Danmark. Storbritannia argumenterte også for at det er viktig å ha eit tett samarbeid mellom alle land i Europa på dette området.

Europaparlamentet var dei som tydelegast sa Danmark ikkje kunne få same status som dei EU-landa som er medlemmer av Europol. Kypros tok til orde for å lage ein kategori for observatørar frå EU-land og ein for andre tredjeland. Samla var det dermed ikkje semje og spørsmålet om observatørar vil komme opp igjen i samband med møtet i Bulgaria.

Statusen til andre tredjeland, dvs. Noreg og andre and med ulike former for samarbeidsavtaler med Europol, vart ikkje drøfta. Leiaren for den ståande komiteen i Europol refererte i forbifarten til eit utmerka samarbeid med «land som Noreg, Sveits og andre». Eit medlem av Europaparlamentet sa i debatten av Europol også har avtale med Columbia Dette for å illustrere at Europol har mange samarbeidsland og at det må vere eit skilje mellom EU-land og andre land.

Kommentar

Stortinget har i fleire samanhengar teke til orde for at JPSG burde vere open for observatørar, spesielt EFTA-landa som er med i Schengen og anna justis- og politisamarbeid med EU. Dette skjedde sist da stortingspresident Olemic Thommessen deltok på konferansen for EUs parlamentspresidentar i Bratislava i april. Tyskland støtta der det norske ønsket og observatørar vart dermed nemnd i konklusjonane frå denne konferansen. Det var ingen som denne veka tok til orde for at det ikkje skulle vere observatørar til JPSG. Det står likevel att å sjå kva ordlyd knytt til observatørar som Europaparlamentet og EU-land eventuelt vil fremje fram til neste møta i gruppa.

Med helsing

Per S. Nestande

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no